

Berre mindre skade etter dei to siste stormane.

25.01.2018



Eit grantre er knekt og ligg over vegen ned til tunet på Leite.

Det er registrert mindre skade etter dei to siste stormane, nemleg i går kveld og ein dag for knappe to veker sidan. Målsestasjonen i Korsneset synte i går ein vindstyrke på 21 sek. meter. Det er langt mindre vind enn det som vart målt sist. Vindretninga er den same, sør og sørvest.



Ein bilhengar vart kasta på sjøen i Beinavikjø i den stormen som var for to veker sidan.

Eit grantre på Leite ved kommunevegen er knekt. Det er truleg ei sitkagran som er planta i den tida Johannes Kjærland kjøpte og kom til plassen. Grantrea er rotne inne og vil bli brekte i vinden. Ei straumførande kabel går langs lina. Dette gjer at noverande eigar, Hans Reidar Kjærland, vil bed Kraftverket fella dei grantra som står i linjetraseen.

Av andre skader kan vi melde at stormen for to veker sidan reiv av panner på taket på Telegrafbygget i Beinavikjø. Ein bilhengar tilhøyrande Uskedal trelastlager vart kasta på sjøen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Den sterke vinden frå sørvest ruska godt i pannene på det største av husa på Uskedalen Brygge.